

LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØDato: 26.11.2019  
Vår ref.: 2019/18890-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn – Fyllingsnes - gnr. 202, bnr. 14 - Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 30.10.2019 med vedlegg, vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Fyllingsnes i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader til denne, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### Hogst

Me ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservator skal varslas om det planlagde hogstarbeidet for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal innehalde følgande informasjon:

- **Gnr – Bnr. – kommune**
- **Kart over hogstområdet og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.**
- **Planlagt oppstartsdato.**
- **Kontaktperson – e-post og organisasjonsnummer.**

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*